

---

**Fra:** Geir Styve <parmelia@parmelia.no>  
**Sendt:** 30. juni 2016 21:54  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** mg-tang@online.no; 'Geir Styve'  
**Emne:** Vedrørende framdrift for beslutning om finansiering av trafikkisikringstiltak på strekninga Apalen- Hillesvåg.  
**Vedlegg:** konkret loysingsforslag.pdf; tilbud om finansiering.pdf; Situasjonsnotat.pdf

Att:

- Ordførar
- Leiar i PMU

Vi viser til tidlegare hyggjelege møter, og korrespondanse omkring trafikkisikring og rekkefølgekrav på strekninga Apalen - Hillesvåg.

#### **Oppsummert:**

**Slik vi ser det er Hjelmåsen as og Apalen Sør as er i fellesskap den einaste sannsynlege finansieringskjelda til trafikkisikring av strekninga Apalen-Hillesvåg.**

**Utan at det vert funne ei politisk løysing der utbyggjarane kan leve med dei økonomiske konsekvensane,**

**så er risikoen stor for at strekninga vert ståande usikra på ubestemt tid**

**Vi ber med dette om at denne saka vert handsama politisk så snart som praktisk mogeleg i PMU**

Vi har som kjent arbeid lenge administrativt med denne saka. Så langt er ingen sikringstiltak gjort, ut frå at vi manglar politisk avklaring og teknisk løyve.

Samstundes er det slik at våre firma og utbyggingsprosjekt no etter kvart lir sterkt under den manglande avklaring og framdrift i saka.

**Pengane står klar frå vår side. Det manglar berre eit politisk vedtak - så kjem vi oss vidare med ein vinn/vinn situasjon for utbyggjarane, Lindås kommune og trafikantane.**

Vedlagt er bakgrunnsnotat, forslag og søknad som vi har sendt inn tidlegare.

Saka er besvart frå Statens Vegvesen si side. (E-post til Lindås kommune frå Tor S. Høyland, 7 mars 2016.)

*«Samtidig ser vi at rekkefølgekravet vil bli kostbart å gjennomføre ...*

*Hvis Lindås kommune ønsker å behandle rekkefølgekravet på nytt, må dere sende forslagene til alternative løsninger over til oss v/ Odd Høydalsvik».)*

Så vidt vi kjenner til har ikkje Lindås Kommune svara på denne tilbakemeldinga, eller gjort noko meir med saka.

Vi finn difor sakleg grunnlag for at vi med dette purrar for å få fortgang, fram mot ei løysing som alle kan leve med.

### **Kontekst**

Vi viser også til Avdelingsdirektør Arild Hegrenæs i Staten Vegvesen, som på generelt grunnlag seier:

*«Rekkefølgekrava, blant anna fortau, skal vere rimelege i høve til utbygginga sin karakter»  
(Avisa Strilen 4.7.2015)*

Viser også til Avisa Nordhordland 29.06.2016 under overskrifta «Stort vegetterslep». Der framgår det nok ein gong det faktum at pengemangelen er stor i fylkesnivået,

og at ... *«Flere av dei eksisterande fylkesvegane i Lindås har særst dårleg standard... Det vil difor vere aktuelt med punktvis utbetring av dei vegstrekningane der behovet er størst».*

**Det er nett ei slik løysing vi har tilbydd, og vi vil gjerne få kome i gang med trafikksikringstiltak.**

**Opstart avheng no av at politikarane i Lindås kommune gjer eit vedtak.**

Beste helsing

Geir Styve, Hjelmåsen as

Magnar Tangen, Apalen Sør as